



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1867 - 20/13869

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
11.03.2020

Stadfestar mottatt klage/vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 214/4 Fyllingsnes

Tiltak: dispensasjon for oppføring av våningshus nr. 2
Byggjestad: Gbnr: 214/4
Tiltakshavar: Arve Fyllingsnes
**Ansvarleg
søkjær:**

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage 25.02.2020.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen vil verta handsama av Utval for areal, plan og miljø. Nærare informasjon om møtetidspunkt vert gitt seinare. Møta vert halde på kommunehuset på Frekhaug og er opne for publikum.

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føra til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert utvalet sitt vedtak oppretthalde, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak datert 05.02.2020. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan settast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klagt på, kan underinstansen fatta avgjerd om at eit vedtak ikkje skal settast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen for Lindås sin arealdel og byggjeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8, for oppføring av våningshus nr. 2 med tilkomstveg på gbnr 214/4. Det er ikkje søkt om løyve til oppføring av bustaden etter plan- og bygningslova kap. 20 per dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om løyve til oppføring av bustad før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort då ei eventuell omgjerding av dispensasjonsvedtaket som no ligg føre vil føra til at eit vedtak om oppføring av bustad på eigedomen også vil måtte gjerast om. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar. Det vert difor gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 05.02.2020 i sak 006/20.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing

Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arve Fyllingsnes

Fyllingsnesvegen 136

5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER